



Arne Kristiansen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1793 - 14/15046

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

02.10.2014

## Godkjenning - søknad om igangsetting for modulbygg tilknytt Danielsen Ungdomsskule Frekhaug på gbnr. 23/1 i Meland kommune

**Administrativt vedtak. Saknr: 274/2014**

### Saksutgreiing

Det vert vist til søknad journalført 15.8.2014 om løyve til igangsetting (IG) av modulbygg på gbnr. 23/1 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd. Søknaden er i ettertid supplert med ny dokumentasjon om endra plasseringa av bygget i forhold til kva som vart godkjent gjennom rammeløyvet, jf. brev m/ vedlegg motteke journalført 27. sm.

I samband med føreliggjande søknad om IG vert det òg søkt om godkjenning for tilkopling til kommunalt VA-anlegg, jf. søknad dagsett 15.8.2014. Denne søknaden vert behandla saman med byggjesaka, jf. vedtaket nedanfor.

Vidare er tidlegare gitt IG for planering av byggjetomta, jf. vedtak av 27.6.2014 i DNT-sak 180/2014.

Det vert vist til føreliggjande rammeløyve i sin heilskap m/ tilhøyrande vilkår, jf. vedtak av 24.6.2014 i DNT-sak 175/2014.

### Vurdering

#### Planstatus:

Det omsøkte arealet er i gjeldande reguleringsplan avsett til offentlege bygg, men i vedtak frå Utval for drift og utvikling (UDU) av 3.6.2014 vart det gitt dispensasjon frå dette formålet for oppføring

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

av eit mellombels modulbygg tilknytt Danielsen Ungdomsskule, jf. UDU-sak 62/2014. I same vedtak vart det òg gitt dispensasjon frå krav til visuell utforming i pbl. § 29-2 og planføresegn § 2a.

Føreliggjande søknad om IG for oppføring av modulbygg vert elles vurdert til å vere i samsvar dei krav og vilkår som følgjer av høvesvis dispensasjonvedtaket og reguleringsplanen, jf. vurderinga under.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknaden om rammeløyve. Det vert no søkt om ei noko anna plassering enn kva som vart nabovarsla. Søkjaren skriv dertil følgjande:

*«Endringen søkes fritatt nabovarsling da vi mener at naboers interesser ikke eller i liten grad berøres av endringen, jf. pbl. § 21-3. Omsøkt bygg flyttes lenger inn på eiendom gbnr. 23/1».*

På bakgrunn av opplysningene i søknaden – og etter halde synfaring på staden – finn administrasjonen å kunne fritta søkjaren for særskilt varsling av den endra plasseringa. Tiltaket vert på denne bakgrunn vurdert som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl. § 21-3.

#### Plassering, høgde, utforming, utsjånad og avstand frå nabogrenser:

Den nye plasseringa av modulbygget vert vurdert til å vere i samsvar med dei krav som følgjer av høvesvis pbl. § 29-4 og gjeldande reguleringsplan, jf. vedlagte situasjonskart journalført 27.8.2014. I høve til plassering av modulbygg skal dette situasjonskartet erstatte situasjonskartet som vart godkjent gjennom rammeløyvet av 24.6.2014.

Om høgde på byggverk, utforming og utsjånad vert det vist til rammeløyvet.

Godkjent planeringshøgde følgjer av særskilt vedtak av 28.8.2014 i DNT-sak 242/2014, idet det gjennom dette vedtaket vart godkjent ei anna planeringshøgde enn kva som låg til grunn for rammeløyvet.

Av vilkår fastsett gjennom rammeløyvet går det elles fram at det skal søkjast særskilt om IG for uteareal og landskapsutforming med tilhøyrande ansvarsrettar. Det vert i den samanheng vist til følgjande føresetnad i gitt IG for planering av byggjetomta:

*«Kommuneadministrasjonen finn på denne bakgrunn å kunne godkjenne dei aktuelle føretaka for ansvarsrettar tilknytt oppgåva som no vert omsøkt – planering av byggjetomt – men føreset at det i ettertid vert sendt inn søknad IG for opparbeiding av uteareal og landskapsutforming m/ tilhøyrande situasjonskart og teikningar i samsvar med SAK10 § 5-4.»*

Administrasjonen har mottatt ein eigen søknad om IG for uteareal og landskapsutforming, men denne er p.t. ikkje behandla.

#### Parkeringsdekning, uteopphaldsareal og grad av utnytting:

Det vert vist til høvesvis rammeløyve av 24.6.2014 og IG for planering av byggjetomt av 27. sm.

### Tilknytning til infrastruktur:

Gjennom rammeløyvet har Meland kommune godkjent utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Holtermandsvegen, jf. Veglova §§ 40-43.

Tilkopling til kommunalt VA-anlegg vert godkjent på dei vilkår som går fram av vedtaket nedanfor, jf. søknad m/ vedlegg dagsett 15.8.2014.

Det ligg elles føre stadfesting frå BKK om at eksisterande straumforsyningsnett har kapasitet til å drifte det omsøkte modulbygget.

### Forholdet til andre myndigheiter:

I samsvar med vilkår fastsett gjennom rammeløyvet er det innhenta naudsynt samtykke frå Arbeidstilsynet. Med omsyn til føreståande bruksløyve vert det gjort særskilt merksam på at dette samtykket er tidsavgrensa til eitt år frå 18.8.2014, jf. brev frå Arbeidstilsynet dagsett 24.7.2014.

### Godkjenning av føretak for ansvarsrett:

I tillegg til dei føretak som vart godkjent med ansvarsrettar gjennom rammeløyvet og tidlegare godkjent IG, vert det no søkt om ansvarsrett for høvesvis overordna PRO og UTF av modulbygg og særskilt PRO og UTF av utv. sanitær-, varme- og sløkkjeinstallasjonar i tiltaksklasse 1. Føretaka vert godkjent for ansvarsrett som omsøkt:

<b>Føretak</b>	<b>Godkjenningssområde for funksjon og ansvar</b>
Malthus AS Org.nr. 985 729 220 Sentral godkjenning	PRO overordna for modulbygg (tkl. 1)  UTF overordna for modulbygg (tkl. 1)
Haugland VVS AS Org.nr. 931 442 295 Sentral godkjenning	PRO sanitær-, varme- og sløkkjeinst. utv. (tkl. 1)  UTF sanitær-, varme- og sløkkjeinst. utv. (tkl. 1)

### **Vedtak**

*«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsetningsløyve (IG) for modulbygg på gbnr. 23/1 i samsvar med søknad m/ vedlegg journalført 15.8.2014 og revidert situasjonskart motteke 27. sm.*

*Plasseringa av bygget skal vere som vist på vedlagte situasjonskart motteke 27.8.2014. Dette situasjonskartet erstattar situasjonskartet som vart godkjent gjennom rammeløyvet.*

Godkjent planeringshøgde går fram av eige vedtak med tilhøyrande profilteikningar av 28.8.2014 i DNT-sak 242/2014, idet dette vedtaket erstattar det som vart godkjent gjennom rammeløyve i høve til planeringshøgde.

Om utforming, planløyving og utsjånad vert det vist til rammeløyvet med tilhøyrande teikningar.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf. vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkelloven. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

Meland kommune godkjenner vidare at det omsøkte modulbygget på gbnr. 23/1 vert tilkopla kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår, jf. søknad m/ vedlegg dagsett 15.8.2014:

- Tilkoplinga skjer på vilkår fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup.
- Tilkopling skal skje i kum.
- Melding m/ dokumentasjon frå UTF røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkopling er utført.
- Det skal installerast vassmålar for tiltakshavar si rekning og med melding til kommunen.
- Gebyr for tilkopling vert fastsett i samsvar med gjeldande gebyrregulativ for 2014.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og Plan- og bygningsloven i samsvar med delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf. vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak  
Ettersendt revidert situasjon til søknad om IG, modulbygg, danielsen, Gbnr 23/ 1  
Søknad IG modulbygg 23/1



